

Saksbehandlar: Arvid Stenehjelm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 19/1124-1

Skriv og meldingar 20. februar 2019 - hovudsamarbeidsutvalet

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

Meldesak 1) Status regionreforma

Som kjent er [Portalen](#) staden for løypande oppdateringar av nyhende frå arbeidet med regionreforma. Sjå også felles nettsida for [nye Vestland fylkeskommune](#). Viser også til direktesendt (e-post) nyheitsbrev frå prosjektleiar Rune Haugsdal til alle tilsette i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar.

Desse dokumenta er no tilgjengelege på regionreform-sidene på intranett (vedlegg her):

- Prosess for innplassering: Kriterium for val av kandidat som skal overførast til ny stilling i VLFK
- Prosess for innplassering i leiar- og medarbeidarstillingar i VLFK
- Kriterium for vurdering av førerrett til leiarstilling i VLFK

Spørjeundersøking til alle fast tilsette

I løpet av kort tid går det ut ei spørjeundersøking via e-post til alle fast tilsette. Undersøkinga er anonym og svara vert berre nytta på aggregert nivå. Gjennom tre spørsmål blir vi spurde om

1. kva for verdiar som best skildrar «meg som person»
2. kva verdiar som best skildrar fylkeskommunen vår i dag
3. kva verdiar vi ønskjer for nye Vestland fylkeskommune

Til slutt blir vi bedne om å skrive inntil tre ord som kan inngå i ein visjon for VLFK.

Kva skjer framover?

1. mars: Innplassering av mellomleiarar
1. mars: Innplassering alle tilsette

Vårens allmøte:

- | | |
|--------|---------------------|
| Måndag | 4. mars: Bergen |
| Onsdag | 3. april: Leikanger |
| Måndag | 6. mai: Førde |
| Onsdag | 12. juni: Leikanger |

Meldesak 2) Frå PORTALEN - nyhende frå Personal

1. Nytt ekstra 40timarskurs - Sogndal vg skule

Etter bestilling set vi opp nytt tilbod for tilsette ved Sogndal vidaregåande skule. Dette vert eit kombinert 40-timarskurs for målgruppa og verneombod og for medlemmar i det lokale arbeidsmiljøutvalet (LAMU) samt eit tilbod som skal dekke leiarane sitt opplæringsbehov etter aml.§ 3-5. Om det vert ledige kapasitet vil Frm-personal v/ Arvid Stenehjem gi andre interesserte plass.

Kursdagane er 7. og 8. mars samt dagane 28. og 29. mars 2019. Kurset vert gjennomført i samarbeid med Stamina Helse (vår BHT leverandør) i Sogndal vidaregåande skule sine lokalar.

2. Tiltakspakke for betre varsling

Arbeidstilsynet har på oppdrag frå Arbeids- og sosialdepartementet samarbeida med 13 andre tilsynsmyndigheiter om å styrke varslarvernet. Dette har resultert i ei tiltakspakke, som ble overrekket arbeids- og sosialminister Anniken Hauglie 24. januar.

3. Erfaringskonferanse - opplæringslova §9A

KS inviterer til erfaringskonferanse om opplæringslova kap. 9A. KS håper fylkeskommunen vil dele erfaringar. For KS er det viktig å ha eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med regulering av barnehage- og skulemiljø.

KS har fått mange tilbakemeldingar om samhandling eller mangel på samhandling mellom Fylkesmannen og fylkeskommunane som skuleeigar i 9A-saker som er meldt til fylkesmannen. Fylkesmennene har sjølv gitt uttrykk for at elevar som melder saker blir høyrte og at det er stort fokus på denne eine eleven. Når det gjeld kva elevar som vert involverte i sakene, finnest det ulike mobbeteoriar som i ulik grad problematiserer kva elevar som er partar i saken. Mobbesaker som meldes til Fylkesmannen kan også omfatte at vaksne som arbeider på skulen mobbar elevar. Dette gjer at sakene også har ei arbeidsgjevarside som understrekar kor viktig innspel frå fylkeskommunale erfaringar er.

Meldesak 4) Arbeidsmiljølova sine reglar for registrering av skader og sjukdommar

Fylkeshovudverneombodet (FHVO) har stilt spørsmål kring fylkeskommunen sin registrering av skader og sjukdommar i våre personalregistreringssystem. FHVO viser til reglane i arbeidsmiljølova sin § 5.1. Fylkesrådmannen svarar FHVO med dette notat til hovudsamarbeidsmøtet, då saka truleg har interesse for utvalet og for organisasjonen som heilskap.

Sjå svarbrevet sak nr.:19/88-1 som er vedlegg til denne meldinga.

Meldesak 5) Personalpolitiske tiltak i 2018

Fylkeskommunen løyvde 200 000 kroner til hospitering i 2018. Av desse vart 1/3 (ca. 67 000 kroner) prioritert til søkjarar over 55 år, jamfør seniorpolitisk handlingsplan. Totalt søkte 13 personar om tilskot i 2018: 11 kvinner og 2 menn, 7 kvinner og 0 menn var over 55 år. Totalt fekk 13 søkjarar tilskot til hospitering: 11 kvinner og 2 menn, 7 kvinner og 0 menn var over 55 år.

Tilskot til hospitering 2016		Tilskot til hospitering 2017		Tilskot til hospitering 2018	
23 kvinner	Kr 142 188	11 kvinner	Kr 130 290	11 kvinner	Kr 142 288
9 menn	Kr 75 000	12 menn	Kr 71 858	2 menn	Kr 34 900
Tildelt totalt	Kr 217 188	Tildelt totalt	Kr 202 148	Tildelt totalt	Kr 177 188

Det er refundert 139 011 kroner i tilskot til hospitering i 2018. Tal permiterings dagar knytt til hospiteringa manglar pt for året 2018.